



ESPERANTO-NYTT

*Informasjonsblad
frå Norsk Esperanto-Forbund 1/2023, vår*

Polen tek vare på esperanto-historia

Det polske nasjonalbiblioteket overtek ansvaret for store delar av biblioteket til Verdsesperantoforbundet UEA. Totalt er det snakk om meir enn 7 tonn med bøker, tidsskrift, postkort og anna arkivmateriale.

Den formelle overrekkinga fann stad 29. mai. Blant gjestene var m.a. Polens visestatsminister og kulturminister Piotr Gliński, som understreka at nasjonalbiblioteket no blir et senter for dokumentasjonen av Esperanto-rørsla. Ambisjonen er å digitalisere mykje av materialet og gjere det tilgjengeleg både for spesialistar og andre interesserte.

Første norske master-avhandling med esperanto som tema

I 2022 blei den første norske masteroppgåva med esperanto som studieobjekt levert ved Universitetet i Agder. Forfattar er Marte Djupvik Kråkmo, og avhandlinga har namnet «English vs. Esperanto: A comparative studiy of clausal word order in a Minimalist framework».

I avhandlinga samanliknar Kråkmo syntaksen i engelsk og esperanto. Som venta finn ho meir variasjon i ordstillinga på esperanto enn i engelsk, men skilnaden er ikkje like stor som nokre tidlegare undersøkingar har kome fram til. Du kan laste ned heile teksten frå <https://ua;brage.unit.no>.

100 bøker i 2022

I 2022 blei det publisert totalt 100 bøker på esperanto. Det syner statistikken som magasinet La Ondo de Esperanto publiserte i mai, på grunnlag av nye titler registrert hos bokhandelelen til Verdsesperantoforbundet UEA.

Største kategori er omsett skjønlitteratur (47), med original skjønlitteratur på andre plass (19). Me finn og m.a. verk om samfunnspørsmål og historie (11) og læreverk og ordbøker (9).